



DEN NORSKE KYRKJA  
Kviteseid Sokneråd

## REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd Onsdag 20. november 2019 kl.18.00

Stad: Kommunehuset

### Innkalla:

Medlemmar	Født	Yrke/stilling	Bustad
Marit Gotuholt	1966	adjunkt m/tillegg	Kviteseid
Dagfinn Jone Køhn	1951	pensjonist	Kviteseid
Unni Snaunes	1960	barne- og ungd.arbeidar	Vrådal
Toralf Grave	1953	pensjonist	Kviteseid
Anne Marit Sørby	1952	Rekneskapsmedarbeidar	Vrådal
Gudrun Nordbø Venås	1970	Rekneskapsrådgjevar	Vrådal
Sigrun Garvik Moen	1955	Adjunkt	Kviteseid
Vidar Syrtveit Mikalsen	1968	Adjunkt	Kviteseid
Varamedlemmar			
Vigdis Helene Bruhaug	1950	pensjonist	Morgedal
Aud Turid Fjågesund	1962	assistent	Fjågesund
Inge Waldenstrøm	1953	pensjonist	Kviteseid
Eva Lisbeth Lier	1957	pensjonist	Ordal
Jan Rune Bjørnson	1965	adjunkt	Kviteseid

Andre medlemmar: Sokneprest Møyfrid Lunde og kommunerepresentant (ikkje vald ennå)

Andre: Kyrkjeverje Kristen Salmelid og Håkon Birkeland

Som avtroppande leiar vert Håkon med til og med konstituering, og overlèt 'stafettpinnen' til ny leiar.

### Fråvær:

Vidar Syrtveit Mikalsen, Aud Turid Fjågesund, Inge Waldenstrøm, Jan Rune Bjørnson og kommunerepresentant.

Ord for dagen ved sokneprest Møyfrid Lunde.

Kaffi og litt å bite i.

Presentasjon av det nye soknerådet med varamedlemmer.

Mail kopi innkalling og referat til revisor Hilde Vatnar.

(Referat sendes i tillegg til rådmann Øystein Tveit, kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åsland og prost Asgeir Sele)

Oversikt over saker:

<b>Sak 69/19, (FR)</b>	<b>Innkalling og sakliste</b>
<b>Sak 70/19, (FR)</b>	<b>Frå avtroppande sokneråd til påtroppande</b>
<b>Sak 71/19, (FR)</b>	<b>Konstituering og val</b>
<b>Sak 72/19, (FR)</b>	<b>Delegasjonsreglement</b>
<b>Sak 73/19, (FR)</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>Sak 74/19, (FR)</b>	<b>Protokoll og møtehonorar</b>
<b>Sak 75/19, (FR)</b>	<b>Rekneskapsrapport for drift jan-sept. 2019</b>
<b>Sak 76/19, (FR)</b>	<b>Årsplan for soknerådet</b>
<b>Sak 77/19, SR</b>	<b>Kyrkjeofringar 2020</b>
<b>Sak 78/19, SR</b>	<b>Kyrkjeklokkene og automatikk</b>
	<b>Eventuelt</b>

Sak 69/19, (FR)	Innkalling og saksliste	HB
<p>Innkallinga til dette møtet er sendt ut på e-post 11.11.2019 til alle medlemmer og varamedlemmer av det nye soknerådet med unntak av kommunal representant som enda ikkje er vald.</p> <p>Merknader til innkallinga eller sakslista?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b>  Innkallinga sendt ut på e-post 08.11.2019 er godkjend.  Møtet er lovleg sett.  Sakslista er godkjend.</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b>  Det vart avklart at det er greitt å senda ut innkalling og sakspapir berre på mail. Men då ikkje alle har moglegheit til å skriva ut alle papir heime, er det ynskjeleg at kontoret skriv ut nokre eksemplar til utdeling på møta. Kyrkjeverja oppmoda folk til å bruka PC eller nettbrett på møta for å spara miljøet for papirutskrifter.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som føreslege.</p>		
Sak 70/19, (FR)	Frå avtroppande sokneråd til påtroppande	HB
<p>Avtroppande soknerådsleiar Håkon Birkeland deler nokre tankar med det nye rådet. Åra 2015-19 var den første periode etter at vi gjekk over til eitt samla sokneråd. Før det var det fire sokneråd og eit fellesråd, alle med kvar sine leiarar og økonomiforvaltning. Håkon går gjennom sjølv-evalueringa avtroppande råde gjorde av si periode frå 2015 til no i 2019, og kjem med nokre råd.</p> <p>Evalueringa vart gjort i sak 66/19 den 2.okt.2019. Stikkord er gjengjevne her:</p> <p><i>FR-saker har dominert sakspapira og møta. SR-saker har blitt lidande.  SR foreslår at nokre møter i året vert utan FR-saker. Kanskje kan meir av FR-sakene handsamast i AU og berre kort referert i SR. Fleire saker må då delegerast til AU.  SR burde lage ein plan, eit årshjul, med kva ein vil arbeide med og prioritere i perioden  SR-møta kan leggjast til grendene. Der kan dei ulike kyrkjelydsutvala delta og bringe fram saker frå deira område/kyrkje   Dei ulike utvala kan godt presenterast ein gon i året eller to gonger i perioden for informasjon og betre kontakt (Diakoniutvalet, Trusopplæringsutvalet og kyrkjelydsutvala)  SR eller medlemmene bør besøke kyrkjene for lettare å forstå saker som kjem frå den aktuelle plassen.  Det er ein fordel om alle grender er representert i SR  Innkalling og referat bør sendast til alle medlemmer OG varamedlemmer (på e-mail) i heile perioden for at dei som ikkje møter og skal vere orientert til ein kvar tid.</i></p> <p>Om soknerådet sitt ansvar og oppgåver: Sjå handbok for menighetsråd/sokneråd og kyrkjelege fellesråd. Ref. kurs i Seljord 14.11.2019 og Kyrkjelova, særleg § 9 og 14.</p> <p>Erklæring om teieplikt må underteiknast av alle medlemmer og varamedlemmer.  (Sjå langt skriv om teieplikt:  <a href="http://www.ka.no/_service/300851/download/id/367446/name/Informasjon+eller+taushet-2017.pdf">http://www.ka.no/_service/300851/download/id/367446/name/Informasjon+eller+taushet-2017.pdf</a>)</p> <p><b>PS:</b> Skjema for teieplikt vart underskrive.  Handbok for menighetsråd/sokneråd er bestilt, men nådde ikkje møtet.</p>		

Konstituering skulle etter forskriftene vært holdt før 1. november. Det gjerast no i staden.

1. **Val av leiar og nestleiar** haldast som fleirtalsval, og kan gjerast skriftleg viss nokon ynskjer det. Berre dei faste medlemmene i rådet kan veljast som leiar og nestleiar. Biskopens representant (=soknepresten) kan òg veljast, men det 'bør ikkje vera det normale'. (Kommunen sin representant er også medlem av rådet, men berre i fellesrådssaker, og kan difor ikkje veljast som leiar eller nestleiar.)
2. **Val av arbeidsutval (AU)**. AU skal bestå av leiar og minst to representantar frå rådet. Nytt SR vel om AU skal vere som i førre periode eller ha ein annan samansetning: Leiar, nestleiar, sokneprest og kommunerepresentant. (sjå elles sak 71/19 om samansetning og oppgåver) Kyrkjeverja er medlem (utan røysterett), og sekretær.
3. **Val av partssamansett utval (PU)**. PU uttalar seg i personalsaker/tilsettingssaker. Partssamansett betyr at det er representantar frå arbeidsgjever (soknerådet) og frå dei tilsette. Dei tilsette valde 31.okt 2019 organist Olav Holm som sin representant for to år. PU kan få delegert mynde til tilsetting. I sist periode var SR sine representantar i PU leiar og ein vald representant, og i ein sak leiar og nestleiar. Kyrkjeverja er medlem (utan røysterett) og sekretær om ikkje anna vert bestemt.
4. **Val av sekretær**. I sist periode vart eit medlem av SR vald som sekretær. Referatet vart i realiteten førd av kyrkjeverja som i dei fleste saker er sakshandsamar. Sekretæren fekk etter møtet eit utkast av referatet for korrektur og eventuelle endringar. Denne oppgåva kan leiar eller ein annan vald frå rådet ha. Kyrkjeverja anbefala at det veljast ein sekretær.
5. **Avklaring om representasjon frå alle tidlegare sokn**. Fjågesund vart ikkje representert blant dei faste medlemmene. Bygda og kyrkja er ikkje spesielt representert før med 2. vara. SR må difor avgjere om 2. vara òg skal kallast inn til kvart møte, eller om SR sjølv passar på å ha Fjågesund og Kilen i tankane gjennom handsaming av saker gjennom 4 år.
6. **Val av ein representant til Trusopplæringsutvalet (TrU)**. Ein frå SR veljast for 2 eller 4 år. Utvalet konstituera seg sjølv. TrU består elles av sokneprest, trusopplærar og 1-2 frå kyrkjelyden.
7. **Val av to til Kulturutval (KUL)** for 2 eller 4 år. KUL består i tillegg av organisten som fast medlem. KUL konstituera seg sjølv med sekretær og leiar.
8. **Val av ein representant til Gudstenesteutval og ein til Diakoniutval?**

*Vedlegg: Utval under Kviteseid sokneråd.*

#### **Forlag til vedtak:**

Leiar: ...., Nestleiar: ... , Sekretær: ....

Arbeidsutval skal bestå av: Leiar, nestleiar, sokneprest og kommunerepresentanten, i tillegg til kyrkjeverja.

2 til partssamansatt utval: Leiar og ...

1 til Trusopplæringsutvalet: ...

2 til Kulturutvalet: ...

1 til Gudstenesteutval: ..

1 til Diakoniutval: ..

SR ynskjer at Fjågesund og Kilen skal vere representert på kvart møte, slik at 2. vara Aud Turid Fjågesund kallast inn til kvart møte i tillegg til 1. vara og dei faste medlemmene.

Nyvald leiar overtar etter dette som leiar av møtet. Takk til Håkon Birkeland.

**VEDTAK:**

- Fylgjande representantar vart valde:
  - Leiar: Marit Gotuholt
  - Nestleiar: Marit Sørby
  - Sekretær: Sigrun Garvik Moen
- Arbeidsutval (AU) skal bestå av: Leiar, nestleiar, sokneprest og kommunerepresentanten, i tillegg til kyrkjevevja.
- Andre val:
  - 2 til partssamansett utval: Leiar og Dagfinn Køhn
  - 2 til Kulturutvalet: Organist Olav Holm og Toralf Grave (siste for 2 år). Dei kan saman tenke på om dei vil supplere utvalet med ein frå kyrkjelyden.
  - 1 til Diakoniutval: Marit Sørby (som allereie er med i diakoniutvalet).
- SR ynskjer at Fjågesund og Kilen skal vere representert på kvart møte, slik at 2. vara Aud Turid Fjågesund blir kalla inn til kvart møte i tillegg til 1. vara og dei faste medlemmene.
- Val til Trusopplæringsutvalet vart utsett til neste møte.
- Gudstenesteutval: Sokneprest og organist utarbeider i løpet av vinteren mandat til gudstenesteutvalet og kjem tilbake til saka.

Ny leiar overtok leiinga av møtet etter val av leier og nestleiar.

Sak 72/19, (FR)	Delegasjonsreglement	Ny leiar / KS
-----------------	----------------------	---------------

Kviteseid sokn er den juridiske eininga i Den norske kyrkja og grunneininga. Soknerådet (SR) opptre på vegne av soknet og er det øvste organet for soknet. SR har ansvar for all verksemd i den lokale kyrkja, om mynde ikkje er gitt til andre. I ein 'eit sokns kommune' som her hos oss, har SR òg alle fellesrådsfunksjonane (FR). Desse er mellom anna arbeidsgjevaransvar og økonomiansvar. SR har ansvar etter § 9 i kyrkjelova, og FR etter §14.

Ny 'Lov for trus- og livssynssamfunn' og tilhøyrande forskrifter utarbeidast av storting og departement nå i 2019 og 2020, og vil gjelde frå 2021. Denne lova vil erstatta mellom anna dagen kyrkjelov. Oppgåver for SR (og FR) vil likevel gjelde for heile valperioden frå 2019-2023.

Dei neste 3 år vil òg bli avgjerande for mykje av kyrkja si framtidige struktur. Det skal mellom anna avgjerast at to arbeidsgjevarlinjer (prest/bispedømme og fellesrådstilsette) skal bli til ein. Prest og lokalt tilsette skal med andre ord få same arbeidsgjevar, men ingen veit i dag kven det blir. Dette er sak for kyrkjerådet og kyrkjemøtet, som er kyrkja sitt øvste organ.

Oppgåvene til arbeidsutvalet (AU) og partssamansett utval (PU) er beskrive i lovar og reglar, kort gjengjeve i vedlegget *Utval under Kviteseid sokn*. Både det og vedlegget *Delegasjonsreglement for AU og PU* er omarbeida litt med tanke på å imøtekoma nokre av punkta frå eignevalueringa av førre sokneråd. Det er viktig at SR gjer seg opp ein meining om kva mynde desse underutvala skal ha.

Gjeldande *Delegasjonsreglement frå Kviteseid sokneråd til kyrkjevevja* er ikkje sak på dette møtet, men er lagt ved til orientering. Det kan handsamast som eigen sak etter ynskje frå SR eller kyrkjevevja. Kyrkjevevja sine oppgåver er lista opp i same skjema som AU og PU, under kolonna merka KV.

**Vedlegg:** Delegasjonsreglement for AU og PU  
Delegasjonsreglement frå Kviteseid sokneråd til kyrkjeverja.

**Forlag til VEDTAK:**

Det framlagde delegasjonsreglement for AU og PU vart vedteke.

**Handsaming under møtet:**

Kyrkjeverja presiserte at delegasjonsreglementet til kyrkjeverja kan takast opp når nokon ser det som naudsynt. Det kan endrast inntil kvart 2. år. Det gjeldande nå vart vedteke i april 2017. I ettertid kan all delegasjon trekkast tilbake av SR, eller SR kan delegere meir enn det som vart vedteke nå.

**VEDTAK:**

Det framlagde delegasjonsreglement for AU og PU vart vedteke.

Soknerådet ynskjer at kyrkjeverja er sakshandsamar både for FR-saker og SR-saker.

**Sak 73/19, (FR)**

**Post og meldingar**

**Ny leiar / KS**

1. Orientering om gjennomførte og komande arrangement:
  - a. Medarbeidarfest 17. oktober kl. 18-21 på Straand Hotel
  - b. Formiddagstreff 23. oktober kl. 11.
  - c. Samling for 5-åringar med utdeling av adv.kalender 10. november i Brunkeberg kyrkje.
  - d. Ekstra formiddagstreff 13. nov.
  - e. Konsert med Olav Mosdøl og Gunstein Draugedalen 22. november kl. 19.00.
  - f. Soknerådsbasar 30. november kl. 9.30-13.30
  - g. LysVaken (Trusoplæring arrangement) 30. november – 1. desember for 5. og 6. klasse, med overnatting i Kviteseid kyrkje.
  - h. Adventskonsert i Vrådal 5. desember kl. 18
  - i. Adventskonsert i Kviteseid 15. desember kl. 18
  - j. Klassisk jolekonsert i Kviteseid kyrkje 8. des. ved Ingri Elise Engeland som ein del av ein kvartett.
  - k. Formiddagstreff 11. desember kl. 11 annonserast som ‘Adventssamling for eldre’, og vart i Kviteseid kyrkje med mykje song og musikk, og servering av grøt.
2. Investeringsprosjekt starta i 2018.

Nytt flistak på apsisen på gamle-kyrkja og på Brunkeberg tårn: Arbeidet på Gamlekyrkja er endeleg nesten ferdig. SR retter stor takk til særleg Halvor Bjåland og Aksel Andersen. Det som står att er å tjørebredde flisene 4-6 gonger. (Maks 2 gonger kvar vinter). Flisene til Brunkeberg er ferdige, men arbeidsfolk har ikkje anledning til å gjere arbeidet før til våren 2020.
3. Investeringsprosjekta frå 2019 (det som framleis er under arbeid):
  - a. Brannvarsling og innbrotsalarm i Vrådal kyrkje (Ref. Investeringsbudsjett og plan, Prosj. 19.1 og 19.b): Ferdigstiltes i november. Nokre delar vart forsinka. Dyrud elektro gjer arbeidet
  - b. Renovering av blyglas i Kviteseid kyrkje (Prosj. 19.4): Halvor Nyland er ferdig med eit stort vindauge og er i gang med restaurering av neste. Vi har budsjettert med to slike i 2019., og har 4 store, eit veldig stort over galleriet og mange små att.

c. Carport og HC/WC ved bårhuset i Kviteseid (Prosj. 19.5) Gravearbeid til carporten/tilbygget er ferdig med ein ny og ein forbetra tilførselsveg. Ein støttemur (innvendig vegg) er ferdig og vert fylt inntil i desse dagar. Restaurering av toaletta og ombygging til HC-WC vert utsett til tidleg 2020 av ymse grunnar.

4. Statens vegvesen har godkjent skilting til Gamlekyrkja på riksveg 41. Det er no kome opp.
5. Kurs for nytt sokneråd skal vere/var 14. nov. på Granvin i Seljord arrangert av bispedømekontoret. 25. febr. vert det nytt kurs i Seljord med fokus på fellestrådfunksjon og saker. Det er ved KA og bispedømekontoret.
6. Den norske kyrkja har nært samarbeid med Vipps for å vidareutvikle produktet slik at det passer betre for kyrkja og frivilligheits-Noreg. Vi har no mellom anna fått lågare pris for tenestene (ned frå 2,25 % til 1,75 % for Vipps-GO).
7. Nav har etter søknad innvilga lønstilskot for vikarstillinga i 50 % for fagarbeidar. Dei gjev 40 % av lønskostnadane i 4 månader hausten 2019, totalt kr 23.800.
8. 'Nettverk av fellestrådsledere' blei etablert for et par år sidan. Dei kjem til å vera aktive dei neste åra med å vera pådrivarar inn mot kyrkjerådet og kyrkjemøtet for å fremje sokna sine interesser i arbeidet med ny struktur for kyrkja. Kyrkjeverja anbefaler ny leiar å vere med her.

#### Nye opplysningar lagt til under møtet:

9. Kyrkjeverja søkte 13/11 Riksantikvaren (RA) om stønad på heile 700.000 kr til forskjellige prosjekt knytt til Kviteseid gamle kyrkje. Stortinget har løyvd 20. mill. kr til 'Brannsikringstiltak og istandsetjing av kyrkjer av stein frå middelalderen'. Det var få søkjarar. RA løyver 60 % av kostnadane og løyver berre mellom 300.000 og 900.000 kr. Viss vi får løyving, vil saka bli handsama vidare av AU i samband med investeringsbudsjettet for 2020. Prosjekta det er søkt om pengar til, er ting vi er ferdig med i 2019, noko som står litt att på, og noko nytt.
10. Det er nyleg søkt om rentekompensasjon frå staten (ved Husbanken) for investeringsprosjekt på til saman 2,7 mill. kr. knytt til kyrkjer i løpet av åra 2019-2021. Det kan gje kommunen inntil kr 50.000 kvart år, som SR i tilfelle vil søkje kommunen å få i tillegg til vedtekne løyvingar i åra som kjem.
11. Neste kyrkjeblad kjem ut i veke 49. Det var ynskje om å ha det litt nærare jol, men då kan ikkje Posten levera.
12. Misjonsprosjektet som SR har avtale med Normisjon om ut 2020, vert frå nyttår ikkje lenger knytt til utsending Liv Wendel då prosjektet ho var knytt til, vert avslutta. Etter ein tid i Noreg, skal ho reise tilbake til Nepal, og vil framleis vere i våre bønner.
13. Kirkens SOS minner oss om at dei framleis treng fleire frivillige, offergåver og forbøn.

**VEDTAK:** Soknerådet tek informasjonen til vitande.

**Sak 74/19, (FR)**

**Protokoll, møtehonorer og køyregodtgjering**

**Ny leiar / KS**

Det er viktig at møteboka godkjennast. Den er offentleg etter *Offentleglova* §2 så langt anna ikkje er presisert.

Her er forslag til vidareføring av ordning frå sist SR med eit lite unntak. Unntaket er at referat sendes både til medlemmar og varamedlemmar for å halde varamedlemmar løypane orientert:

**Referatet** frå kvart møte sendast ut til alle medlemmar og varamedlemmer så snart kyrkjeverja og sekretær er ferdig med å skrive det. Medlemmane har då ei veke på seg til å kommentera eventuelle feil eller manglar. Dersom merknader ikkje føreligg, anser vi møteboka som godkjend.

Etter det sendast referatet ut til andre som skal ha det, som kommunen og revisor, og det leggjast ut på våre heimesider [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no) under *Soknerådet og Referat SR m.m.*

**Møtehonorar og køyregodtgjering** er òg noko SR vedtar. I sist periode fekk soknerådsmedlemmar kr 350 for kvart møte, og leiaren kr 600, etter eige vedtak. Staten si takst for køyregodtgjering er kr 4,10/km. Da må det skattast av litt av beløpet. Skattefrie sats er kr. 3,85/km. Sist SR brukte den skattefrie satsen. Kyrkjeverja foreslår at desse satsane gjerast gjeldande for SR, AU og PU, inkludert kurskveldar.

#### **Forslag til VEDTAK:**

Referat frå møta føres og gjerast kjend som tidlegare med utsending per mail og opplasting til soknet si heimeside.

Møtehonorar setjast til kr 350,- for rådsmedlemmar og kr 600 for leiar, for kvart møte.

Køyregodtgjering fylgjer statens sine skattefrie satsar.

#### **Handsaming under møtet:**

Kyrkjeverja kom med tilleggsinformasjon om at kommunale møtesatsar sist periode var på kr 500, og at dei no er vesentleg høgare og er ein viss %-sats av ordførarløna. Tore Åsland som var kommunerepresentanten sist periode, meiner at «SR fortener mykje høgare satsar enn dagens 350 og 600».

Møtesatsane skal SR sjølv vedta for si eiga periode. Budsjett-messig har det per oktober vert bruka 20.000 av 30.000 kr.

**VEDTAK:** Som føreslege.

**Sak 75/19, (FR)**

**Rekneskapsrapport for drift jan-sept. 2019**

**Ny leiar / KS**

Etter antatt vedtak tidlegare i møtet, vil slike rekneskapsrapportar for framtida handsamast i AU. Kyrkjeverja vel likevel å legge fram denne rapporten til dette fyrste møte for å gje eit innblikk i korleis budsjett og rekneskap no ser ut, og ikkje minst fordi dette nye soknerådet no i praksis tek over ansvar for dei økonomiske val og vedtak førre sokneråd har gjort.

Rekneskapsføraren i kommunen har på førespurnad levert denne rapporten pr 06.11.2019. Der er løn og tilskot med for november, men det kjem naturleg nok fleire faktura i november. Så det blir ein blandingsrapport for oktober/november.

Driftsrapporten per 06.11.2019 blir difor sjåande slik ut:

- **Avd. 110 -Kyrkjeleg administrasjon** hadde pr. dato eit overskot på kr 15.000 i forhold til budsjett for november. Litt lønsrefusjon frå NAV.
- **Avd. 111 -Kyrkjer** hadde pr. dato eit underskot på kr 23.000. Her er forventa eit lite underskot.
- **Avd. 112 -Kyrkjegardar**, hadde pr. sept. eit underskot på kr 37.900. Her er forventa eit lite underskot. Høge lønskostnadar skuldast sjukemelding og tilsett vikar. Desse kostnadane er refundert frå NAV.
- **Avd. 113 -Andre kyrkjelege føremål**, hadde pr. dato eit overskot på kr 78.000. Her er òg høge lønskostnadar utlikna av refusjon frå NAV.

Samla viser driftsrapporten eit overskot (mindreforbruk) på kr 53.975. Alle fakturaer er då ikkje ført, og bankbilag er ikkje avstemt.

Det er forventa eit samla driftsunderskot på om lag kr 50.000 for i år.

Investeringsrekneskapskapen er nyleg gjennomgått av kyrkjevevja saman med kommunen sin Budsjett- og strategisjef Tore Åsland. Kyrkjevevja har ikkje funne noko uventa. Detaljar handsamast av AU på nyåret. De har kanskje lest i VTB at kostnad til kyrkjetaket på gamlekyrkja vert kr 800.000. Det er mykje! Men av dette er noko ført i 2018, og noko kjem først i 2020. Kostnadane for 2019 er som forventa. Det er dessutan no søkt Riksantikvaren om stønad til dette og litt meir arbeid på gamlekyrkja.

*Vedlegg: Driftsrapport Kyrkja per 06.11.2019*

**Forslag til VEDTAK:**

Rekneskapsrapporten vart teken til vitende. Slike rapportar handsamast seinare av AU.

**VEDTAK:** Som føreslege.

**Sak 76/19, (FR)**

**Årsplan for soknerådet og noko strategi**

**Ny leiar / KS**

Litt av soknerådet sitt ansvar er strategisk utvikling, vedtak om mål og planar for soknet, og å organisere aktivitetar. Av fellesrådsaker kan vi nemne å sørge for rammevilkåra (nok pengar til arbeidet), forvalte kommunale og statlege tilskot, styre planprosessar, vere arbeidsgjevar, og forvalte kyrkjer og gravplassar. For å famne alt dette trengs det mange møter.

I forslag til *Årsplan for soknerådet* (s.1) er det lagt opp til 7 ordinære soknerådsmøter dei neste 12 månader og nesten like mange AU-møter. Etter evalueringa etter sist SR-periode (SR-sak 70/19) har kyrkjevevja prøvd å sette opp nokre møter utan fellesrådsaker (FR). Forutsett at AU har så mange møter som oppsett, og fullmakter slik føreslege i sak 72/19, ser det ut til at vi kan få til to ordinære møter utan FR. På møter med FR, kan desse sakene koma fyrst i møtet, og viss AU handsamar sakene før kvart SR, treng ikkje desse ta så mykje tid eller plass. Men FR er mange, store og viktige, og er ein sentral del av SR sitt ansvar i eit-sokns-kommune som oss.

Den vedlagde *Årsplan Kviteseid sokneråd* kan fungera som eit årshjul med endring av datoar og litt saker. Kolonna *Saker* er meint som stikkord og vegleing, og er ikkje på nokon måte fullstendig.

På side 2 i vedlegget er det ramsa opp nokre saker som SR bør innom i denne perioden, og gjerne kan seie noko om allereie nå. Kva ynskjer SR å prioritera i sitt arbeid? Kva skal vi som kyrkje prioritera? Kva vil vi? Dette handlar om strategi, og er nyttig å plassere på ein plan eller kalender.

Kyrkjevevja foreslår samtale rundt dette, og at konkrete saker blir plassert på årshjulet eller på ein 4 års plan.

**Forslag til VEDTAK:**

SR har lagt nokre føringar til møtefrekvens, datoar og årshjul for soknerådet, og ber kyrkjevevja notere seg det som er sagt, og plassera saker utover i året.

**VEDTAK:**

SR har lagt nokre føringar til møtefrekvens, datoar og årshjul for soknerådet, og ber kyrkjevevja notere seg det som er sagt. SR bed AU komme med forslag til saker og tema, og plassering på 4-års-hjul til neste møte. Siste møte som var føreslege til tidleg i desember, bør komme i november. Onsdag er greie møtedagar. Neste SR er sett til 22.01.2020.



Sak 77/19, SR	Kyrkjeofringar 2020	Ny leiar / ML
<p>Det har alltid i den kristne kyrka vore tradisjon å samle inn gåver til både eige arbeid, til 'naudlidande' eller til andre. Etter kyrkelova § 9 er ein av soknerådet sine oppgåver å vedta plan for kyrkjeofringar. Dette gjerast før kvart nytt år. Vedlegget <i>Kyrkjeofring</i> er ein oversikt over føremåla Kviteseid sokn har samla inn til dei 3 siste åra. Før samanslåing til eit sokn, og med mange fleire gudstenester, var bilete ganske annleis. SR må gjere dei prioriteringar og val det ynskjer.</p> <p>Utover hausten får vi mange søknadar om kyrkjeofring. Kristelig Pressekontor (kpk) har tatt på seg rolla å taka i mot søknadar frå organisasjonar, lag, foreiningar mm, og sende dei samla ut til alle sokn i Den norske kyrkja. Av den lista på over 50 føremål, har Kviteseid dei siste åra samla inn til 21 forskjellige. I tillegg har vi våre eigne tradisjonar og prioriteringar i Kviteseid og Vest-Telemark, og forskjellige misjonsprosjekt med tilknytning til folk frå Kviteseid.</p> <p>Gjeldande misjonsprosjekt <i>Samfunnsutvikling i Baihang-provinsen i Nepal</i>, har førre sokneråd teikna avtale med Normisjon om å samla inn minst 35.000 kr til årleg frå 2017 til og med 2020. Så i løpet av 2020 kan dette sokneråd finna fram til eit nytt prosjekt eller velje å halde fram med det same.</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Soknerådet vedtek å halda fram med ofringar i 2020 etter lista frå 2019. Soknepresten fordeler ofringane på gudstenestene gjennom året, og tek omsyn til tidlegare tradisjonar.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Soknerådet vedtek å halda fram med ofringar i 2020 etter lista frå 2019. Soknepresten fordeler ofringane på gudstenestene gjennom året, og tek omsyn til tidlegare tradisjonar. For 2021 og vidare kjem Gudstenesteutvalet med forslag til ofringar før kvart nytt år.</p>		
Sak 78/19, SR	Kyrkjeklokkene og automatikk	Ny leiar
<p>Sist sokneråd hadde i Sak 55/19 til handsaming nokre utfordringar med den nye automatikken for kyrkjeklokkene i Kviteseid. Det synes å vere noko uklart vedr. ein detalj i vedtaket som vart fatta. Det gjeld programmet 'Klemting ved sorg' som er 5 minuttar med sakte/sein ringing. Det er fleire sider ved dette:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ved bruk av den funksjonen, er det eit relé som slår ut i styringsboksen bak i kyrkja. Det er litt forstyrrende. Men det reléet slår alltid inn ved bruk av program som bruker hammaren, i motsetnad til vanleg ringing som set klokka i pendling og ringjer med kolben inni klokka. Det gjeld alle enkeltslag som 3 slag i starten av gudstenesta, og ved 3x3 slag på slutten. Det er vurdert moglegheiter for å få bort 'klikket' frå reléet, men det er ikkje funne noko vi har tru på. Lyden av reléet må vi difor berre vende oss til.</li> <li>2. Så er det det at 'Klemting ved sorg' har eit rolegare tempo enn anna ringing. Det er for å markere at det er ei gravferd og ikkje ein vanleg gudsteneste. Programmet brukas hos andre med automatikk på kyrkjeklokkene, utan at vi veit kor mange som brukar det. Det er fullt mogleg å ringja vanleg, som kl 10.55 til 11.00 før ein vanleg gudsteneste. Det er eit val soknerådet kan gjere.</li> <li>3. Siste punkt er at 'Klemting ved sorg' brukast berre i Kviteseid, og ikkje i dei andre kyrkjene der ein ikkje har automatikk. Så sakte ringing lar seg ikkje gjere med pendelutslag på klokkene, men vil vere mogleg med å bruke kolben manuelt.</li> </ol> <p>Så saken er i korte trekk om vi skal bruke 'Klemting ved sorg' i Kviteseid, eller ikkje.</p>		

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek å halda fram med 'Klemting ved sorg' under gravferder frå Kviteseid kyrkje dei siste 5 minuttar før seremonien startar.

**VEDTAK:**

Soknerådet vedtek å gå tilbake til gamal ringing med ei klokke siste 5 minutt før gravferdsseremoniane startar i Kviteseid kyrkje. Vi brukar då ikkje programmet 'Klemting ved sorg' frå ringeautomatikken. Klokkeringinga før gravferd vert med dette lik i alle kyrkjene våre.

**Sak 79/19****Eventuelt**

Kvart kyrkjelydsutval får ein nykel til 'si' kyrkje viss dei ikkje har allereie.

**Opplæringskurs** for nytt sokneråd ved KA med fokus på fellesrådssaker: tysdag 25. februar i Seljord.

**Møte i 2020:**

**SR:** 22. januar, 26. februar, 15.april, 3.juni, 26.august, 30.september og årets siste blir sett til 18.november

**Årsmøte/kyrkjelydsmøte:** Sundag 29. mars

**AU:** 8.januar (vidare fastsetjast av AU sjølv)